

# Breisås



Breisås er eit turområde for både Bø Turlag og Gvarv Turlag.

Opne furuskogar dekker særleg dei øvre delane av åsen, og meir tett granskog og lauvskog kler dei lange, mjuke liene ned mot bygda. Her er det lange, slake motbakkar, om lag 200 høgdemeter opp frå parkeringsplassane. Mot Sauheradsida av åsen, mot aust, er liene mykje brattare. Oppe på ryggen av Breisås blenkjer små og store vatn som freistande turmål.

## To rundturar

Frå dei to parkeringsplassane ved Breisås Studentheim og Øvre Breisås har Bø Turlag merka ein rundtur som går forbi Holmtjønn, Store Damtjønn og Åstjønn. Der er det kart i alle stikryss til merka sti. Rundturen er ca:

- 9 km frå parkering ved Studentheimen.
- 7.3 km frå parkering «Øvre Breisås».

Frå Studentheimen følgjer du Bordvegen i retning Håsårudhåtten og går over Venås til Midlingløypa. Det er det ein kort avstikkar til parkeringsplassen «Øvre Breisås». Ein går vidare oppover Midlingløypa i lange, slake bakkar til Holmtjønn. Store Damtjønn og Åstjønn byr på fine bade- og rasteplassar og trytefiske. Tidleg på vinteren kan du gå på skøyter på isen.

Nedover kan du følgje ein av dei eldste stiane i Breisås med utsyn mot Bø-bygda og Lifjell. Du kjem forbi Petterskås der fleire skogsvegar møttest i gamal tid. Ta til venstre på god traktorveg til parkering «Øvre Breisås», eller fortsett rett ned lia på god sti til Vasstårnet (drikkevatt til bustadfeltet). Stien fortset

ned akebakken og går over i ein grøn korridor gjennom bustadfeltet ned til Maurtuva barnehage.

## Håsårudhåtten kulturminnefelt

Frå Breisås Studentheim går du Bordvegen sørover ca. 500 meter til Håsårudhåtten kulturminnefelt med informasjon om gravhaugar, holveggar, kolgroper og kolmiler. Stien er kalla Spinnhjulet.



QR-koden gir deg meir informasjon om Håsårudhåtten.



Spinnhjulet

## Andre stiar

To blåmerka stiar fører til Griseryggen, lengst sør på åsen. Det er ca 15 km att og fram. Griseryggen er det høgaste punktet i Breisås (438 moh.) med utsyn mot Drangedal, Lunde og Bø.

Gvarv Turlag merker mange stiar opp på åsen på autsida av Breisås. Stiane går opp frå Gvarv og Årnes. Når det er ein god snøvinter, blir det køyrt opp skiløyper med snøskuter innover Breisås.



Venås på veg mot Staurheim. Foto Berit Bø.



Bål plass ved Store Damtjønn. Foto :Arne Hjeltnes.